



## Møtebok for Kommunestyret

Møtedato: 24.06.2021  
Møtestad: Stordalen Fjellstove  
Møtetid: 12:00 - 16:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
Erlend Kvamsdal	H	Medlem
Frode Langhelle	H	Medlem
Kariann Ekren	H	Medlem
Arne Hindenes	H	Medlem
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører
Hildegunn Bjånes	AP	Medlem
Britt Inger Myhr	AP	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Wenche Daae	Sp	Medlem
Laila Furebotn	Sp	Medlem
Jostein Kvamme Duesund	Frp	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Bjarte Andvik	H	Medlem
Atle Nordland	H	Medlem
Ragnvald Tangedal	AP	Medlem
Silje Vågseth Kjetland	Sp	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Malmfred Helge Haukeland	AP	
Bjarte Dyrkolbotn	H	
Stian Søvik	Sp	

---

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen som og førte møteboka og ass.rådmann Sveinung Toft.

---

## Sakliste

Saksnummer: Sakstittel:

022/2021	Godkjenning av innkalling og sakliste	s. 03
023/2021	Godkjenning av møtebok	s. 04
024/2021	Referatsak	s. 05
025/2021	Finansrapportering pr. 1.tertial (1.1.-30.4.)2021	s. 07
026/2021	Kvalitetsmelding for skule og barnehage 2020/21	s. 12
027/2021	Opsjonsavtale sal av næringstomt på Matre	s. 14
028/2021	Rammer for årsbudsjett 2022	s. 16
029/2021	Saksframlegg delegeringsreglement Masfjorden kommune	s. 19
030/2021	Økonomisk rapportering - 1.tertial 2021	s. 24
031/2021	Val av nytt forliksråd	s. 29

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Camilla Hjelmeland	FE-033	21/589

Saknr	Utval	Type	Dato
022/2021	Kommunestyret	PS	24.06.2021

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Saksopplysningar:

## Kommunestyret - 022/2021

KS - behandling:

Det vart gjort framlegg om Britt Inger Myhr og Erlend Kvamsdal til å skrive under møteboka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Camilla Hjelmeland	FE-033	21/589

Saknr	Utval	Type	Dato
023/2021	Kommunestyret	PS	24.06.2021

Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Saksopplysningar:

## Kommunestyret - 023/2021

KS - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Møtebok vert godkjend.

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Camilla Hjelmeland	FE-033	21/589

Saknr	Utval	Type	Dato
024/2021	Kommunestyret	PS	24.06.2021

## Referatsak

### Tilknytte dokument:

1. Spørsmål til ordfører
2. Masfjorden kommune - budsjett 2021 og økonomiplan 2021 - 2024
3. Protokoll frå ordinær generalforsamling - Gulen og Masfjorden Utvikling as
4. Protokoll frå Representantskap 1-2021 Region Nordhordland Helsehus IKS, 28. mai
5. Protokoll frå Representantskap 1-2021 Region Nordhordland IKS, 28. mai
6. Referat frå eigarmøte - Gulen og Masfjorden Utvikling

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

### Saksopplysningar:

#### Kommunestyret - 024/2021

#### KS - behandling:

##### 1. Spørsmål til ordfører

Gruppeleiar Ap, Torill T. Størkersen

1. Masfjorden kommune har hatt gode tradisjonar på å ta inn læringar i ulike fagkretsar. Korleis er det med utlysing og søknadsprosessen for nye lærlingar i kommunen for kommande haust? - td. innan barne- og ungdomsarbeidarfaget, pleie- og omsorgsfaget, kokkefaget, kontor- og adm.faget.
2. Kvifor er det ikkje kome opp ordning for at elevar kan søkje seg til språk- og valfag på tvers av skulane for komande haust?

3. Kva er status i høve utmelding av enkeltavtalar i Bergensavtalen?

Spørsmåla vart svara ut i møte

22.7. markering – kommunestyret slutta seg til at Britt Inger Myhr og Torill T. Størkersen får i oppdrag oppfølging

Vedk. tildeling/avslag av spelemidlar 2021 – spørsmål om kommunen kunne forskottere i påvente av tildeling av spelemidlar. Ordførar svara at ein kunne søkje om forskottering, og oppfølging med politisk sak for evt godkjenning av forskottering

2. Masfjorden kommune - budsjett 2021 og økonomiplan 2021 - 2024
3. Protokoll frå ordinær generalforsamling - Gulen og Masfjorden Utvikling as
4. Protokoll frå Representantskap 1-2021 Region Nordhordland Helsehus IKS, 28. mai
5. Protokoll frå Representantskap 1-2021 Region Nordhordland IKS, 28. mai
6. Referat frå eigarmøte - Gulen og Masfjorden Utvikling

Orientering frå Ordførar:

- Ordførar orienterte kort om medlemskap Nettverket for kommunale vasskrafteigarar, og tilslutning frå Masfjorden si side, nærare informasjon vert sendt kommunestyret pr. e-post
- Ordførar orienterte kort om konsekvensane av endringane i grunnrenteskatten – med høyringsfrist 4.8.2021, kor formannskapet har delegert til rådmann å svare på høyringa

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE-202, TI-&14	21/555

Saknr	Utval	Type	Dato
042/2021	Formannskapet	PS	15.06.2021
025/2021	Kommunestyret	PS	24.06.2021

Finansrapportering pr. 1.tertial (1.1.-30.4.)2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Finansrapporteringa pr. 1.tertial 2021 vert teken til vitring , og plasseringsramma vert auka opp med 10 mill.kr til 40.mill.kr. (jf. Pkt 5.1. nytt finansreglement og kommunestyresak 17/21).

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Finansrapporteringa er basert på eige finansreglement vedteke av kommunestyre den 6.05.2021 , sak 17/21 og pkt. 9.

## 9. Rapportering

Rådmannen skal i samband med tertialrapportering per 30.04 og 31.08 utarbeide ein finansrapport til formannskapet og kommunestyret. I tillegg skal rådmannen i samband med årsavslutning leggje fram ein rapport til formannskapet og kommunestyret som viser utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

- Rapportane skal innehalde ein omtale og vurdering av kommunen sin finansielle risiko.
- Rapportane skal innehalde ein nærmare omtale av korleis aktiva og passiva er samansett.
- Rapportane skal vise markedsverdien for aktiva, både samla og for kvar gruppe av ulike typar aktiva.
- Rapportane skal vise verdien for passiva, både samla og for kvar gruppe av ulike typar passiva. I tillegg skal rapportane opplyse om løpetida for passiva, og om verdien av lån som forfell og som må refinansierast innan 12 månader.
- Rapportane skal innehalde ein omtale av vesentlege marknadsendringar og endringar i kommunen sin finansielle risiko, og det skal gjevast ein vurdering av dette. I tillegg skal rapportane innehalde ein omtale av aktuelle marknadsrenter og kommunen sine eigne rentevilkår.
- Om det har oppstått avvik mellom krava i finansreglementet og den faktiske forvaltninga, skal dette takast med i rapportane.


Fakta

Finansplasseringa pr. 30.4.2021;

	31.12.2020	2021, pr. 30.04.21		
		Resultat	Marknadsverdi	Avkastning
Odin eigeendom	3 779 274,28	185 924,72	3 965 199,00	5,312 %
Odin rente	3 556 133,00	43 451,00	3 599 584,00	1,241 %
Holberg Kreditt	2 308 756,74	145 464,26	2 454 221,00	6,301 %
First Norge fokus	7 253 140,84	683 626,30	7 936 767,14	9,425 %
Holberg Global	3 347 021,71	183 247,29	3 530 269,00	5,475 %
Holberg Rurik	809 103,85	-14 704,85	794 399,00	-1,817 %
Spv Aksje	7 362 664,59	606 466,76	7 969 131,35	8,237 %
<b>SUM</b>	<b>28 416 095,01</b>	<b>1 833 475,48</b>	<b>30 249 570,49</b>	<b>6,452 %</b>

Status pr. 1.tertial 2021 viser ei avkastning på over 1,8 mill.kr., og ein har då passert plasseringsramma i finansreglementet.

Forhold kring gjeld, ut i frå gjeldande økonomiplan forventar ein flg utvikling i lånegjelda;



lite endring sidan avlegging av 2020 rekneskapen, og viser såleis til note



## Note nr. 7 : Langsiktig gjeld og avdrag på lån (tal i heile tusen)

Låneportefølle	Bokført gjeld per 01.07.	Låneopptak i rekneskapåret	Avdrag i rekneskapåret	Bokført gjeld per 31.12.
Lån til egne investeringar	76 018	65 200	-6 265	134 953
Husbanken	0	0	-64	0
Kommunallåntilskott	63 505	23 700	-4 684	82 520
KLP	12 413	41 500	-1 516	52 409
Lån til andre sine investeringar	-	-	-	-
Lån til innfriing av kausjoner	-	-	-	-
Lån til vidareutlån	8 398	5 000	-830	12 568
Husbanken	8 398	5 000	-830	12 568
<b>Samlet gjeld</b>	<b>84 416</b>	<b>70 200</b>	<b>-7 095</b>	<b>147 521</b>

<b>Fordeling av lånegjeld:</b>	Av samla gjeld per 31.12. er gjennomføringsgjeld ca. 35 mill. mill. formidlingsgjeld, resten er gjeld som blir finansiert av kommunen sine framkomposter.
<b>Lån som forfall til betaling i 2021</b>	Lån som forfall til betaling i 2021 er på 7,2 mill.
<b>Gjennomføringsløpetid (år)</b>	Lån til egne investeringar (22 år) og lån til vidareutlån (12 år)
<b>Gjennomføringsrente</b>	Lån til egne investeringar (1,95 %) og lån til vidareutlån (1,7 %)

Renteformelnader	Bokført gjeld per 01.07.	Del av portefølle per 01.07.	Del av portefølle per 31.12.	Bokført gjeld per 31.12.
<b>Flytande rente:</b>				
Lån til egne investeringar	51 016			75 620
Lån til vidareutlån	8 398			12 568
<b>Sum flytande rente</b>	<b>59 414</b>	<b>70 %</b>	<b>60 %</b>	<b>88 188</b>
<b>Fest rente:</b>				
Lån til egne investeringar	25 002			59 334
<b>Sum fast rente</b>	<b>25 002</b>	<b>30 %</b>	<b>40 %</b>	<b>59 334</b>

Avdrag lån	Rekneskap 2019	Rekneskap 2020
Betalt avdrag eks. formidlingslån	5 715	6 265
A. Rekneskapsfaste avdrag	7 044	7 807
B. Lånegjeld eks. vidareutlån 01.07.	62 832	76 018
C. Bokført verdi avdragsbare gjeldsmidler 01.01.	186 195	195 051
Beregnet minimumsavgift (0,14-1,0)	-3 579	-3 066
<b>Differanse</b>	<b>3 195</b>	<b>3 189</b>

Nettolånegjeld/lånegjeld per innbyggjar	2017	2018	2019	2020
Lånegjeld eks. vidareutlån 01.01.	65 797	62 812	76 018	134 953
Innbyggjarar per 31.12.	1 730	1 711	1 691	1 660
<b>Netto lånegjeld per innbyggjar (heile kroner)</b>	<b>38 033</b>	<b>36 721</b>	<b>44 924</b>	<b>81 297</b>
Prosentvis auke frå året før		-1,4 %	22,4 %	80,8 %

Dette er i 2020 tatt opp 65,3 mill. i nye lån eks. startlån frå Husbanken  
 Utårkte gjennomføringsgjeld til investeringar som er ikkje gjennomført utgår per 31.12.2020 3,5 mill.  
 Utårkte startlånsmidler frå Husbanken (vidareutlån som er ikkje gjennomført) utgår per 31.12.2020 4,1 mill.

## 5. Retningslinjer for forvaltning av langsiktige finansielle aktiva

### 5.1 Definisjon og målsetjing

Langsiktige finansielle aktiva definerast som den delen av kommunes likviditet som etter vedtatt budsjett og likviditetsprognose ikkje skal nyttast dei neste fire år. I tråd med tidlegare retningslinjer er denne ramma sett til 30 mill.kr. i Masfjorden kommune. Kommunestyret, etter innstilling frå rådmannen, avgjer endring av ramma for langsiktige midlar til plassering. Innafor gitt ramme får

rådmannen fullmakt til å plassere midlane. I tillegg skal det etablerast eit eige kursreguleringsfond for å møte risikoen for mogleg tap i form av kurssvingningar (fondet utgjer pr. 31.12.2020 kr. 5.757.225,29). Det er eit mål for forvaltninga at det oppnåast avkastning i tråd med fastsette

## Vurdering

[Forslag om å auka plasseringsramma med 10 mill.kr, og endra plasseringsramma til 40 mill.kr](#)  
Langsiktige finansielle aktiva definerast som den delen av kommunes likviditet som etter vedtatt budsjett og likviditetsprognose ikkje skal nyttast dei neste fire år. I tråd med tidlegare retningslinjer er denne ramma sett til **40 mill.kr.** i Masfjorden kommune. Kommunestyret, etter innstilling frå rådmannen, avgjer endring av ramma for langsiktige midlar til plassering.

Det er normalt med til dels store svingingar i aksjemarknaden gjennom eit år. 2021 har starta bra,. Rentenivå er framleis på eit historisk lågt nivå, men reknar med ein liten stigning utover .

Det skal lite til av uro rundt omkring i verden før ein får opp eller nedgang i verdien av plasseringane, og utfordring er å skape/ oppnå meiravkastning utover ordinær bankinnskot. Resultatet pr. 1.tertial 2021 viser ein svært god avkastning

Stresstest pr. 30.4.2021 er gjort ut i frå at grunnkapital/plassering er dekkja opp med fondsavsetjing, og at det er berre reinvestert kapital som ein ikkje har fondsmidlar til å dekke. Men ein negativ avkastning må rekneskapsførast, og vil påvirke kommunerekneskapen i negativ forstand. Plasseringa utover bankinnskot er noko Masfjorden etter kvart har mange års erfaring med, og normalt har ein oppnådd eit resultat som har styrka kommunerekneskapen med mellom 1-2 mill.kr. årleg, og status pr. 1.tertial tilseier eit nytt år med god avkastning.

### Konklusjon

Tilrå at finansrapporteringa pr. 30.04.2021 vert teken til vitring

Og at plasseringsramma under finansreglementet vert auka opp frå 30 til 40 mill.kr.

## Formannskapet - 042/2021

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Finansrapporteringa pr. 1.tertial 2021 vert teken til vitring , og plasseringsramma vert auka opp med 10 mill.kr til 40.mill.kr. (jf. Pkt 5.1. nytt finansreglement og kommunestyresak 17/21).

## Kommunestyret - 025/2021

KS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak samrøystes vedtatt av kommunestyret.

KS - vedtak:

Finansrapporteringa pr. 1.tertial 2021 vert teken til vitring , og plasseringsramma vert auka opp med 10 mill.kr til 40.mill.kr. (jf. Pkt 5.1. nytt finansreglement og kommunestyresak 17/21).

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rita Ludvigsen	FA-A20, FA-A10	21/517

Saknr	Utval	Type	Dato
053/2021	Formannskapet	PS	15.06.2021
026/2021	Kommunestyret	PS	24.06.2021

## Kvalitetsmelding for skule og barnehage 2020/21

### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Kvalitetsmelding til handsaming for 2020 utkast 01.06.21-2 (L)(188093)	09.06.2021
Vestland_Masfjorden_2021_Ungdomsskulen_Kommune (L)(188115)	09.06.2021

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret har gjort seg kjend med kvalitetsmeldinga for barnehage og grunnskule i Masfjorden for skule og barnehageåret 2020/21 og tek meldinga til orientering.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Masfjorden kommune var med på KS-satsinga «Den gode barnehage- og skuleeigar». Satsinga gjekk over 2 år og vart avslutta med ei samling våren 2019. Vårt utviklingsområde var å laga ei kvalitetsmelding som skal innehalda vesentleg informasjon om kvaliteten i barnehage og skule. Det er fastsett i Opplæringslova at skuleeigar pliktar å utarbeida ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. Rapporten skal omhandla læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigaren, dvs. kommunestyret. (Opplæringslova § 13-10). Tilsvarande krav finst ikkje for barnehage, men me har som mål at barnehageeigar skal få eit betre oversyn over korleis ein arbeider i barnehagen. Rektorar og styrarar har hatt høve til å uttale på slutten av prosessen. På grunn av Covid-19 har det vore lite møter i SU og FAU i oppvekstområda. Meldinga vert difor send som orientering til FAU og SU denne gongen.

#### Fakta

Tala som gjeld skule er henta frå dei offentleg tilgjengelege statistikkane som finst i [www.skoleporten.no](http://www.skoleporten.no) og som byggjer på innrapporterte tal frå skulane, kommunane og fylkesmannen. Elevane sitt syn på læringsmiljøet kjem fram i elevundersøkelsen. Tala for fråfall i vidaregåande skule er henta frå statistikk som Hordaland fylkeskommune har utarbeidd. På barnehageområdet finst det mykje mindre statistikk enn på skulefeltet. Difor har me sjølve måtta bestemma oss for kva opplysningar me vil ha med. Noko statistikk finst i årsmeldinga som blir levert til Fylkesmannen 15. desember kvart år og som er grunnlaget for dei opplysningane me finn i [barnehagefakta.no](http://barnehagefakta.no)

Rådmannen har vurdert at ein beheld forma på meldinga slik den vart laga når ein var i prosjektet. Det har vore ei arbeidsgruppe samansett av ein rektor, ein styrar i barnehage og oppvekstleiar som har utarbeidd meldinga for 2020/21.

Det har vore gjennomført Ungdataundersøking i 2021. Resultata til Masfjorden vil verta bearbeida i rektorgruppa til hausten. Rapporten vert her lagt ved til orientering.

#### Konklusjon

Kommunestyret har gjort seg kjend med kvalitetsmeldinga for barnehage og grunnskule i Masfjorden for skule og barnehageåret 2020/21 og tek meldinga til orientering.

### Formannskapet - 053/2021

#### FS - behandling:

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

#### FS - vedtak:

Kommunestyret har gjort seg kjend med kvalitetsmeldinga for barnehage og grunnskule i Masfjorden for skule og barnehageåret 2020/21 og tek meldinga til orientering.

### Kommunestyret - 026/2021

#### KS - behandling:

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt av kommunestyret

#### KS - vedtak:

Kommunestyret har gjort seg kjend med kvalitetsmeldinga for barnehage og grunnskule i Masfjorden for skule og barnehageåret 2020/21 og tek meldinga til orientering.

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	Gbnr-52/46, FE-611	20/338

Saknr	Utval	Type	Dato
027/2021	Kommunestyret	PS	24.06.2021

## Opsjonsavtale sal av næringstomt på Matre

### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Opsjonsavtatale datasenter på Matre MK-REGN 15.06.2021- med vedlagd kart og kjøpskontrakt av 15.06.2021 med vedlegg	16.06.2021

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune godkjenner vedlagde opsjonsavtale med vedlegg dagsett 15.06.2021 knytt til sal av næringsareal på Matre til føretaket Regn Campus Matre AS.

Avtalen vert gyldig når begge partane har signert opsjonsavtalen.

### Saksopplysningar:


#### Bakgrunn og fakta:

Førmålet med opsjonsavtalen er å sikra REGN Campus Matre AS tilgang til naudsynt tomteareal for etablering av datasenterverksemd på Matre, og i medhald av godkjent reguleringsplan med reguleringsplankart datert 26.05.2020. Totalt areal for slik verksemd gjeld fleire eigendomar med ulike eigarar.

Opsjonshavar (REGN Campus Matre AS) vert gjeve ein rett (heretter kalt «Opsjonen») til å kjøpa følgjande eigendomar, som er vist på vedlegg 1 i denne opsjonsavtalen:

- Del av gnr. 52 bnr. 45 i Masfjorden kommune, tomta utgjer ca. 7810 m<sup>2</sup>
- Del av gnr. 52 bnr. 10 i Masfjorden kommune, tomta utgjer ca. 10 683m<sup>2</sup>
- Del av gnr. 52 bnr. 11 i Masfjorden kommune, tomta utgjer ca. 2 342m<sup>2</sup>
- Gnr. 52 bnr. 46 i Masjorden kommune, tomta utgjer ca. 1 915m<sup>2</sup>
- Gnr. 52 bnr. 49 i Masfjorden kommune, tomta utgjer ca. 1 993m<sup>2</sup>

*Kartet på neste side viser areala som er omfatta av avtalen.*



## Kommunestyret - 027/2021

KS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart vedtatt med 14 røyster, mot 2 (Krf og 1, AP - Hildegunn Bjånes)

KS - vedtak:

Masfjorden kommune godkjenner vedlagde opsjonsavtale med vedlegg dagsett 15.06.2021 knytt til sal av næringsareal på Matre til føretaket Regn Campus Matre AS.

Avtalen vert gyldig når begge partane har signert opsjonsavtalen.

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Viktor Ellingbø	FE-151	21/536

Saknr	Utval	Type	Dato
044/2021	Formannskapet	PS	15.06.2021
028/2021	Kommunestyret	PS	24.06.2021

## Rammer for årsbudsjett 2022

### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Bevillingsoversyn drift	08.06.2021
Bevillingsoversyn investering	08.06.2021
Økonomisk oversyn drift	08.06.2021
revNB21	08.06.2021

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Grunnlag for driftsbudsjett 2022 vert vedteke i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.

Grunnlag for investeringsbudsjett 2022 vert vedteke i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.

Det vert ikkje tatt opp nye lån for investeringsføremål i budsjettåret 2022. Investeringsaktivitet gjennom året vert finansiert med avsett tilskot (bruk av ubundne investeringsfond).

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

I tråd med gjeldande økonomireglement skal kommunestyret i juni møte vedta budsjetttrammer for kommande års budsjett og økonomiplan.

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling av kommunens økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid. Handlingsreglar styrande for Masfjorden kommune var vedtatt i K-sak 058/2020, og er følgjande:

- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekt over TBUs norm (1,75 %)
- Vekst i netto rente- og avdragsutgifter under vekst i brutto driftsinntekt
- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekt under 60 %

I sin vurdering av budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024, kommer statsforvaltaren med følgjande



tilråding:

*Høge inntekter og låg lånegjeld bidreg til at den økonomiske handleevna blir vareteken over tid gjennom oppbygging av fri eigenkapital. Dette er eit resultat av gode nettodriftsresultat for dei siste åra. Men legg ein til grunn at det er budsjettert med svake nettodriftsresultat i økonomiplanperioden, vil kommunen svekke den frie eigenkapitalen. Statsforvaltaren meiner difor at kommunen må gjennomføre tiltak for å sikre å oppnå eiga målsetjing om eit nettodriftsresultat på 1,75 prosent.*

Fakta

Sum generelle driftsinntekter jf. bevillingsoversyn drift er anslått til 173,4 mill. Skatt og rammeoverføringer er i tråd med KS prognosemodell frå 14.05.2021. Utover dette vert det lagt til grunn ein priskompensasjon på 2,5 % frå 2021 til 2022 i påvente av regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett 2022 (offentleggjerast 13.oktober 2021). Eigedomsskatt er ei vidareføring av 2020-nivået og andre generelle driftsinntekter omfattar konsesjonsavgift (3,2 mill.), naturressursskatt (11,5 mill. og tilskot frå Husbanken (0,7 mill.).

Sum netto bevillingar til drift er anslått til 162,7 mill. Det er anslått med 5,0 mill. i salsinntekt frå konsesjonskraft og 7,5 mill. i refusjon for ressurskrevjande tenester.

Finansområdet er i 2022 budsjettert med ein nettoutgift på 9,1 mill. Rente- og utbytteinntekter er anslått til 1,2 mill., mens avdrag og renteutgifter er budsjettert med 10,3 mill. Netto renteutgifter og avdrag utgjer i 2022 4,0 % av samla brutto driftsinntekt, jf. økonomisk oversyn. Det er ikkje budsjettert med nye låneopptak for investeringsføremål i 2022.

Netto driftsresultat er i økonomisk oversyn anslått til 1,6 mill., som utgjer 0,6 % av budsjettert brutto driftsinntekt. Dette er lågare enn eiga målsetjing på 1,75 %. For å kunne oppfylle målsetjinga må driftsaktiviteten i budsjett 2022 reduserast med 2,7 mill.

Vurdering

Rådmannen vurderer den økonomiske situasjonen til Masfjorden kommune som krevjande i åra som kjem. Variasjon og usikkerheit kring sentrale inntektspostar, fallande innbyggjargrunnlag, lite økonomisk gunstig struktur i enkelte tenesteområde gjer at tenestetilbodet ikkje lett lar seg tilpassast til tronge driftsrammer.

Investeringsaktiviteten i 2022 er ein rullering av økonomiplanen 2021-2024. Denne har rom for 3,3 mill. til investeringar i kommunale bygg og er i tråd med rullert økonomiplan finansiert ved bruk av investeringsfond.

## Formannskapet - 044/2021

FS - behandling:

Økonomi- og personalleiar Svein Viktor Ellingbø møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret

FS - vedtak:

Grunnlag for driftsbudsjett 2022 vert vedteke i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.

Grunnlag for investeringsbudsjett 2022 vert vedteke i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn

investering.

Det vert ikkje tatt opp nye lån for investeringsføremål i budsjettåret 2022. Investeringsaktivitet gjennom året vert finansiert med avsett tilskot (bruk av ubundne investeringsfond).

### Kommunestyret - 028/2021

KS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt.

KS - vedtak:

Grunnlag for driftsbudsjett 2022 vert vedteke i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.

Grunnlag for investeringsbudsjett 2022 vert vedteke i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.

Det vert ikkje tatt opp nye lån for investeringsføremål i budsjettåret 2022. Investeringsaktivitet gjennom året vert finansiert med avsett tilskot (bruk av ubundne investeringsfond).

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FE-009	19/268

Saknr	Utval	Type	Dato
045/2021	Formannskapet	PS	15.06.2021
029/2021	Kommunestyret	PS	24.06.2021
009/2021	Administrasjonsutvalet	PS	15.06.2021

## Saksframlegg delegeringsreglement Masfjorden kommune

### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Delegeringsreglement for masfjorden kommune	08.06.2021
Forsidetekst til delegeringsreglementet	08.06.2021
Politisk delegeringsreglement for Masfjorden kommune	08.06.2021
Delegeringer for Formannskapet 03.06.2021	08.06.2021
Delegeringer for Administrasjonsutvalet	08.06.2021
Delegeringer for Kontrollutvalet	08.06.2021
Delegeringer for Kraftfondstyret	08.06.2021
Delegeringer for Valstyret	08.06.2021
Delegeringer for Ordførar	08.06.2021
Delegeringer for Arbeidsmiljøutvalet	08.06.2021
Delegeringer for Utval for teknisk 03.06.2021	08.06.2021
Delegeringer for Teknisk sjef 03.06.2021	08.06.2021

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

#### Framlegg til vedtak:

Masfjorden kommunestyre vedtek delegeringsreglement med dei delegeringane til politiske råd og utval som følgjer av vedlegga i saka. Alt anna er delegert rådmannen.

Det vert vist til dokument vedlagt saka.

Heimelen for vedtaket er kommunelova sin § 5-3, 3 ledd om intern delegering. Delegeringsreglementet vert gjort gjeldande frå 01.08.2021.

Rådmannen får fullmakt til å revidera reglementet ved behov.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn og fakta

Som i fleire andre kommunar har det skjedd ein stor digitalisering. Da gjer at kommunen har hatt eit

ynskje om å ta i bruk det digitale systemet KF-delegering. Det er meir oversiktleg, enklare å bruke og har oppdaterte lovar. Den største skilnaden frå det gamle delegeringsreglementet er at den viser delegering av fullmakt i alle lovar og paragrafar som er relevant for kommunen. Ein kan og gå inn i paragrafane og sjå kva dei inneheld, og eventuelt kva avsnitt som kan delegerast.

I delegeringsreglementet vil ein sjå korleis organisasjonseininga er bygd opp i Masfjorden kommune. Dette gjer det enklare å forstå korleis fullmakta er delegert vidare.

Det er ulike måtar å bruke delegeringsreglementet på. Ein kan gå inn på den bestemte lova og sjå korleis fullmakta blir fordelt på dei ulike einingane. Ein kan også velje organisasjonseining og sjå kva for fullmakter dei ulike einingane har.

Om da kjem endringar i lovar og paragrafar kan ein kan ein eventuelt endre dette dersom det er naudsynt. Ein kan også enkelt sletta eller leggja til delegering dersom ein ynskjer dette.

Det er rundt 2000 paragrafer i vel 150 lovar som vert delegert vidare frå kommunestyret til dei politiske råda og utvala eller direkte til rådmannen. Rådmannen har vidare delegert dei fleste av desse ut på dei aktuelle tenesteområda og einingane. Same lov og paragrafar kan vere delegert til fleire.

Delegeringsreglement i Masfjorden kommune er lagt opp slik at mykje av det som kan delegerast er delegert. Delegert mynde kan når som helst trekkjast tilbake, og delegerande organ kan sjølv treffe vedtak i saken. Delegerande organ kan gje instruks, overprøve og omgjere underordna organ sitt vedtak innafør ramma av forvaltningslova § 35. Dette tyder at sjølv om kommunestyret har delegert mynde til formannskapet, eit utval, råd eller rådmann, så kan dei framleis etterspørje informasjon, be om rapporteringar eller fatte bindande vedtak i saker også der mynde er delegert.

Delegeringsreglementet skal vera tilgjengeleg på intranettet for dei tilsette. For at publikum og politikarane skal kunne setja seg inn i dokumentet skal delegeringsreglementet og liggja tilgjengeleg på heimesida til Masfjorden kommune.

Målet med nytt delegeringsreglement er å betre kvaliteten i forvaltninga, sidan fullmakter og ansvar vert tydeleg fordelt, og desse til ein kvar tid er tilgjengeleg for allmenta.

Rådmannen skal rapportere til kommunestyret og dei politiske utvala. I prinsippet skal alle offentlege vedtak som er vedteke på bakgrunn av delegert mynde rapporterast. Rådmannen rapporterer til formannskapet om organisatoriske endringar. Delegeringssystemet for Masfjorden kommune er ein del av kommunen sitt kvalitetssystem og skal verta eit godt verktøy for leiing.

## Høyring

KF delegeringsreglement vert drøfta i administrasjonsutvalet den 15. desember 2020. Det er vorta drøfta med dei hovudtillitsvalde, og med leiarane i kommunen, før det no vert slutthandsama.

Vidare er reglementet vorte drøfta i møte med gruppeleiarar den 02.06.2021, der det var semje om å gje meir mynde til utval for teknisk, miljø og landbruk. Her var innstillinga at dette utvalet skal kunne gjera vedtak innanfor plan- og bygningslova, og ha alle klagesaker knytt til sitt saksfelt. Vidare at utvalet skal ha innstillingsrett i konsesjonssaker før dei går til formannskapet til slutthandsaming.

Utvalet sine saksfelt er:

Byggje- og delesaker  
Landbrukssaker, med konsesjonssaker  
Saker etter lov om eigedomsregistrering (Matrikkellova)

Miljø og forureining  
Saker knytt til vilt og fisk  
Høyringsaker knytt til miljø, tekniske saker og landbruk

## Vurdering

Rådmannen meiner at det er viktig å få på plass eit fullstendig delegeringsystemet for Masfjorden kommune, og vil peike på at dette vert ein del av kommunen sitt kvalitetssystem. Vidare meiner ein at dette vil verta eit godt verktøy for leiing i kommunen.

Samstundes vil ein understreke at dette i stor grad er eit politisk dokument, der heile styringsstrukturen i Masfjorden kommune vert definert med omsyn på kva roller og ansvar formannskapet og utval i kommunen, og rådmannen skal få delegert frå kommunestyret. Delegering frå kommunestyret er heimla i kommunelova sin § 5-3, 3 ledd, der det står: *Kommunestyret og fylkestinget kan delegera myndighet til å treffe vedtak til andre folkevalgte organer, ordføreren eller kommunedirektøren innenfor rammene av denne loven eller annen lov.*

Framlegget som no ligg føre ligg tett opp til det som er gjeldande struktur i noverande delegeringsreglement frå 2012 og styringsstruktur. Den viktigaste endringa i høve dette dokumentet, er at ein etter drøftingsmøte med gruppeleiarar i møte den 02.06.2021 har endra på kva ansvar utval for teknisk, miljø og landbruk skal ha. Her er tilrådinga at dette utvalet skal få meir mynde knytt til sitt ansvarsområde, og at rådmannen (teknisk sjef) ikkje skal ha mynde til å gjera negative vedtak etter plan- og bygningslova. I tillegg skal dette utvalet ha mynde til å handsama klagesaker knytt til sine ansvarsområde, og mynde til å koma med innstilling til formannskapet i konsesjonssaker. Vidare at klager på konsesjonssaker skal til formannskapet som før. Det betyr at formannskapet får mindre styring med denne typen saker, sidan dei får alle typer klagesaker til handsaming i dag.

## Konklusjon

Rådmannen meiner at framlegget til nytt elektroniske delegeringsreglement vil styrka rolle- og ansvarsfordelinga mellom både kommunestyret og dei politiske utvala, og klargjera betre kva som er politikk og administrasjon i Masfjorden kommune på ein god måte. I tillegg vil ansvaret til dei einskilde einingane også verta tydeleggjort. Det nye reglementet vil og gje meir mynde til utval for teknisk, miljø og landbruk.

## Administrasjonsutvalet - 009/2021

### AU - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til formannskapet.

### AU - vedtak:

Framlegg til vedtak:

Masfjorden kommunestyre vedtek delegeringsreglement med dei delegeringane til politiske råd og utval som følgjer av vedlegga i saka. Alt anna er delegert rådmannen.

Det vert vist til dokument vedlagt saka.

Heimelen for vedtaket er kommunelova sin § 5-3, 3 ledd om intern delegering. Delegeringsreglementet vert gjort gjeldande frå 01.08.2021.

Rådmannen får fullmakt til å revidera reglementet ved behov.

### Formannskapet - 045/2021

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Masfjorden kommunestyre vedtek delegeringsreglement med dei delegeringane til politiske råd og utval som følgjer av vedlegga i saka. Alt anna er delegert rådmannen.

Det vert vist til dokument vedlagt saka.

Heimelen for vedtaket er kommunelova sin § 5-3, 3 ledd om intern delegering. Delegeringsreglementet vert gjort gjeldande frå 01.08.2021.

Rådmannen får fullmakt til å revidera reglementet ved behov.

### Kommunestyret - 029/2021

KS - behandling:

Saka vart drøfta.

Endringsframlegg frå H v/Erlend Kvamsdal

Som diskutert i kommunestyre ønsker kommunestyret at formannskapet skal være endeleg klageorgan i bygge og delingssaker.

Ei endring kommunestyret slutta seg til

Framlegg til vedtak med ovannemnde endring vart samrøystes vedtatt av kommunestyret.

KS - vedtak:

Framlegg til vedtak:

Masfjorden kommunestyre vedtek delegeringsreglement med dei delegeringane til politiske råd og utval som følgjer av vedlegga i saka, men formannskapet skal være endeleg klageorgan i bygge og

delingssaker. Alt anna er delegert rådmannen.

Det vert vist til dokument vedlagt saka.

Heimelen for vedtaket er kommunelova sin § 5-3, 3 ledd om intern delegering. Delegeringsreglementet vert gjort gjeldande frå 01.08.2021.

Rådmannen får fullmakt til å revidera reglementet ved behov.

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Viktor Ellingbø	FE-210	21/529

Saknr	Utval	Type	Dato
043/2021	Formannskapet	PS	15.06.2021
030/2021	Kommunestyret	PS	24.06.2021

## Økonomisk rapportering - 1.tertial 2021

### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Bevillingsoversyn drift	08.06.2021
Bevillingsoversyn investering	08.06.2021
Økonomisk oversyn drift	08.06.2021

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1.tertialrapport vert teken til vitring.

Driftsbudsjett 2021 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.

Investeringsbudsjett 2021 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Rådmannen skal ut frå kommunelova sitt krav om budsjettstyring leggja fram, minst 2 gonger i året, rapport for kommunestyret som syner utviklinga i inntekter og utgifter. Etter kommunelova sitt krav om årsbudsjettet sin bindande verknad, skal endringar av vesentleg karakter i inntekter og utgifter som årsbudsjettet byggjar på meldast til kommunestyret. Kommunestyret skal gjera naudsynte endringar i budsjettet for å oppretthalde lova sine krav om realisme og balanse.

Statsforvaltaren sine vurderingar av opphøveleg budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024 er oppsummert nedanfor:

*Som følgje av inntekter frå kraftverksemd og havbruksfondet, har Masfjorden høge inntekter samanlikna med eit gjennomsnitt for kommunane i landet. Dette gjeld også etter at det blir teke omsyn til utgiftsbehovet for kommunale tenester. Med dette som grunnlag har kommunen høg fri eigenkapital. Etter ein sterk auke i lånegjelda i 2020 er det ikkje planlagt nye låneopptak i økonomiplanperioden. Med ei slik utvikling vil kommunen halde seg innanfor si eige målsetjing for lånegjelda, og gjelda vil samanlikna med driftsinntektene vere låg etter eit gjennomsnitt mot samanliknande kommunar (Kostra-gruppa).*



*Høge inntekter og låg lånegjeld bidreg til at den økonomiske handleevna blir vareteken over tid gjennom oppbygging av fri eigenkapital. Dette er eit resultat av gode nettodriftsresultat for dei siste åra. Men legg ein til grunn at det er budsjettert med svake nettodriftsresultat i økonomiplanperioden, vil kommunen svekke den frie eigenkapitalen. Statsforvaltaren meiner difor at kommunen må gjennomføre tiltak for å sikre å oppnå eiga målsetjing om eit nettodriftsresultat på 1,75 prosent.*

#### Fakta

Opphavelag budsjett 2021 var fastsett i K sak 082/2020, og i K sak 003/2021 var budsjett 2021 saldert. På bakgrunn av rekneskapstal per april og signala i revidert nasjonalbudsjett 2021, er det gjort ei vurdering av korleis ein kjem i hamn i høve til budsjett 2021 ved årsslutt. Det følgjer vedlagt til saka bevilgningsoversikt for drift og investering som viser endringane i årsbudsjett. Status for dei ulike rammeområda er nærare kommentert under.

#### Endringar i det økonomiske opplegget for 2021

- Kostnadsdeflatoren er uendra på 2,7 prosent frå statsbudsjettet til revidert nasjonalbudsjett (RNB), men fordelinga mellom lønsvekst og prisvekst er endra
  - Lønsvekst frå 2,2 % i statsbudsjettet til 2,7 % i RNB
  - Prisvekst varar og tenester frå 3,5 % i statsbudsjettet til 2,8 % i RNB
- I RNB er pårekna skatteinntekter for kommunane justerte opp med om lag kr 2,7 mrd. frå nivået i statsbudsjettet. Pårekna skatteauke i prosent for kommunane i år, samanlikna med innkomen skatt i 2020, blir med dette justert frå 7,0 prosent til 8,6 prosent. Auken i pårekna skatt i år skuldast i hovudsak auka løns- og sysselsetjingsvekst.
- I Stortinget sitt budsjettvedtak for 2021 vart det i eige tilleggsnummer gitt ei tilleggsløyving på om lag kr 6,2 mrd. til kommunane som følgje av koronapandemien. Løyvinga vart gitt for første halvår i år. Løyvinga vart fordelt mellom kr 4,7 mrd. i auka innbyggjartilskot og kr 1,5 mrd. i auka skjønstilskot.
- Det er i revidert nasjonalbudsjett framlegg om ei tilleggsløyving til kommunane i samband med koronapandemien på om lag kr 5,6 mrd.

#### Skatteinntekter og rammeoverføringar

Skatteinngang og rammeoverføringar er i KS sin inntektsprognosemodell oppdatert i samsvar med revidert nasjonalbudsjett. For Masfjorden kommune prognostiserer modellen kr 138.000 i høgare skatteinntekter og kr 742.000 i høgare rammeoverføringar. Skatteinntekter og rammeoverføringar er tilrådd justert opp i samsvar med inntektsprognosemodellen, dvs. ein netto auke på 0,9 mill.

#### Eigedomsskatt

ERKO Seafood har tidlegare hatt oppdrettsproduksjon i Bergsvik og Barlingebotn. Selskapet har avvikla produksjonen i disse lokalitetane og flyttet utstyret ut av kommunen. For å tilpasse budsjettet er eigedomsskatteinntektene redusert med kr 15.000 frå 2021.

#### Andre driftsinntekter

Posten omfattar integreringstilskot knyt til flyktningane. Posten ble i salderingssaka redusert ned til kr 0 som følgje av utflytting. Masfjorden kommune har i ettertid fått utbetalt første termin på 0,25 mill., og budsjettposten er tilrådd justert opp tilsvarande.

#### Folkevalgte organ

Endringar i innhaldet til revisjonsområdet tilseier ein årleg kostnad på kr 580.000 for Masfjorden kommune. Det var i opphavelag budsjett lagt inn kr 510.000. For å tilpasse budsjettet til prognosen, er teneste *Kontroll og revisjon* tilrådd styrka med kr 70.000.

#### Administrasjon

Langtidsfråvær som ikkje har vore erstatta har gitt ein meirinntekt i form av sjukerefusjonar på kr 225.000 i høve budsjett. Netto driftsramma for teneste *Administrasjon* er som følgje tilrådd justert ned tilsvarende.

### Barnehage

Sektoren opplever færre søkjarar i høve prognosen som opphavleg budsjett bygger på. For å tilpasse budsjett til inntektsprognose, er brukarbetalingar tilrådd redusert med kr 120.000 for barnehagane til saman.

Bruk av øymerka midlar er ikkje lagt inn i opphavleg budsjett. Avdelinga planlegg å bruke kr 59.000 i 2021 av desse, som blir finansiert ved bruk av bundne fond avsett i 2020.

Netto driftsramma for rammeområde *Barnehage* er som følgje tilrådd justert opp med kr 179.000 til saman.

### Skule

Bruk av øymerka midlar er ikkje lagt inn i opphavleg budsjett. Nordbygda og Matre skule planlegg å bruke kr 500.000 i 2021, som blir finansiert ved bruk av bundne fond avsett i 2020. Netto driftsramma for rammeområde *Skule* er som følgje tilrådd justert opp tilsvarende.

### Barnevern

Tenesteområdet er opphavelig budsjettet i tråd med prognose frå vertskommunen. Barneverntiltak komet i ettertid tilseier behov for å styrka området i denne omgang med kr 175.000.

### Pleie og omsorg

Frikjøp knytt til barnevernsak har hittil gitt ein meirinntekt i høve budsjett på kr 175.000.

Etter avslutting av rekneskapen for 2020 ser det ut som at tilskot for ressurskrevjande tenester for 2020 vil gje i årets rekneskap ein meirinntekt på 3,5 mill. Samstundes skapar etterslep i oppbemanninga for dei nye omsorgsbustadane noko usikkerheit kring prognosane for inneverande år. Netto driftsramma for *Ressurskrevjande tenester* er som følgje tilrådd justert ned med 3,0 mill.

Det har hittil vore etterslep i utleige av dei nye omsorgsbustadar og det er fleire bustadar som står tomme. Husleigeinntekter i høve budsjett er som følgje av dette tilrådd justert ned med 0,3 mill.

Samla sett er rammeområde *Pleie og omsorg* tilrådd justert ned med kr 2.875.000.

### Disponeringar

Driftsinntektene er i denne saka tilrådd justert opp med 1,1 mill. og sum netto bevillingar til drift er tilrådd justert ned med 2,2 mill. Desse endringar gjer ein betring i netto driftsresultat på 3,3 mill.

Planlagt aktivitet i oppvekstområdet knytt til øymerka prosjekt er tilrådd i denne saka finansiert ved bruk av bundne fond med kr 559.000.

Differansen på 3,85 mill. er tilrådd avsett til disposisjonsfond.

### Investeringsbudsjett

Opphavelig budsjett la til grunn at prosjekt *Omsorgsbustadar Hostelnd* var ferdigstilt i 2020. Forseinking i prosjektet har gitt noko aktivitet etter årskiftet og det pågår for tida ein dialog kring sluttoppgjer. Dette tilseier behov for å justere opp investeringsutgiftene med 3,0 mill. Av auken utgjer mva kompensasjon 0,6 mill.

Opphavleg budsjett la også til grunn eit samla tilskot frå Husbanken på 19,3 mill. for same prosjekt.

Faktisk motteken tilskot er 0,8 mill. høgare og budsjettposten *Tilskot frå andre* er tilrådd justert opp tilsvarande.

Aksjekapital i Berinvest AS på kr 50.000 var ikkje lagt inn i opphavleg budsjett. Posten *Investeringar i aksjar* er tilrådd som følge av anskaffinga auka tilsvarande.

Sum investeringsutgifter er samla sett tilrådd auka med 3,0 mill. og investeringsinntekter er tilrådd auka med 1,4 mill. Det er i budsjett 2021 ikkje planlagt med nye låneopptak, og differansen må difor finansierast ved mindre avsetjing til ubunde investeringsfond enn opphavleg budsjett la til grunn.

#### Vurdering

Det heftar generelt noko usikkerheit kring prognosane, og i samsvar med budsjettforskriftene tilrår rådmann at budsjett 2021 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingskjema.

Med dei tilrådde budsjettjusteringer i drift blir netto driftsresultat på 1,9 % av budsjettet brutto driftsinntekt i 2021.

### Formannskapet - 043/2021

#### FS - behandling:

Økonomi- og personaleiar Svein Viktor Ellingbø møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

#### FS - vedtak:

1.tertialrapport vert teken til vitring.

Driftsbudsjett 2021 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.

Investeringsbudsjett 2021 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.

### Kommunestyret - 030/2021

#### KS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt av kommunestyret.

#### KS - vedtak:

1.tertialrapport vert teken til vitring.

Driftsbudsjett 2021 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.

Investeringsbudsjett 2021 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FA-X43	21/24

Saknr	Utval	Type	Dato
031/2021	Kommunestyret	PS	24.06.2021

## Val av nytt forliksråd

### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Svar til kommunen - Gulen - forliksråd 2021-2025	15.06.2021
AcosSvarInn.xml	15.06.2021
Svar på - nytt val Masfjorden og Gulen - forliksråd 2021-2024	07.06.2021
Nytt val - Masfjorden og Gulen - forliksråd 2021-2025	25.05.2021
AcosSvarInn.xml	25.05.2021
Informasjon om nytt val - Masfjorden og Gulen - forliksråd 2021-2025	05.05.2021
Informasjon til kommunene - forliksråd.pdf	05.05.2021
AcosSvarInn.xml	05.05.2021

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune vel desse medlemmene / vara til Masfjorden forliksråd for perioden 25.06.21 – 31.12.24:

- Liv Oda Dale, medlem
- Bernard Krokås, medlem
- Sigmund Rørvik, medlem
- Tove Kristin Sleire Tistel, varamedlem
- Lillian Andvik, varamedlem
- Bjarte Dyrkolbotn, varamedlem

Formann for forliksrådet vert Liv Oda Dale

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Masfjorden kommune skal velje representantar til eit nytt forliksråd for perioden fram til 31.12.24. I Domstollova § 27 står det blant anna: Forliksrådet skal ha tre medlemmer og like mange varamedlemmer. Blant medlemmene og blant varamedlemmene skal det være både kvinner og menn. Varamedlemmene tilkalles i den rekkefølge oppnevningen viser. [...] Kommunestyret velger et av medlemmene til formann.

Med endring i rettskretsar er ikkje forliksråd mellom Gulen og Masfjorden i tråd med lovverk/forskrift, og i skriv av 4.5.2021 gjer statsforvaltaren det klart at kommunane må velje nytt forliksråd.



Saka vart drøfta i samband med adm.utval/formannskapsmøte den 15.juni, og kor ei la opp til tilleggssak til kommunestyremøte den 24.6

## Uttale

valnemnda si innstilling, pr. e-post 21.6. «Hei. Her er innstillinga frå valnemnda.

- 1) Liv Oda Dale
- 2) Bernard Krokås
- 3) Sigmund Rørvik
- 4) Tove Kristin Tistel Sleire - vara
- 5) Lillian Andvik - vara
- 6) Bjarte Dyrkolbotn - vara

Mvh Geir Egil Haugsvær»

## Fakta

Kommunestyret i Masfjorden gjort slikt samrøystes vedtak den 28.09.16 som sak 063/2016-  
1. Masfjorden og Gulen kommunar skal ha felles forliksråd for perioden 2017 – 20.  
2. Kommunestyret i Masfjorden vel eit fast medlem og eit varamedlem.

Ein la opp til vidareføring av felles forliksråd, og gjorde flg. vedtak

Møte i Kommunestyret den 10.09.2020

Vedtak

Masfjorden kommune vel desse medlemmene / varamedlemmene til felles forliksråd for perioden 01.01.21 - 31.12.24:

Medlem Liv Oda Dale, og varamedlem Sigmund Rørvik

Med endring i rettskretsar stettar ikkje felles forliksråd mellom Gulen og Masfjorden  
lovverk/forskrift, og kommunen må velje nytt forliksråd eller supplere valte medlemmer, og **treng såleis 2 nye medlemmer og 2 nye vara til nytt forliksråd**

Domstollova § 53 set krav til at forliksrådsmedlemmer må vere:

- norske statsborgarar
- vederheftige
- ikkje frådømd stemmerett i offentlege høve

Domstollova § 56 inneheld vilkåra om at forliksrådsmedlemmer må vere:

- fylt 25 år
- under 70 år ved starten av valperioden

- særskild eigna til oppgåva og beherske norsk skriftleg og munnleg godt

Konklusjon

Viser til uttale/innstilling frå valnemnda

### Kommunestyret - 031/2021

KS - behandling:

Saka vart drøfta.

Leiar i valnemnda la fram sitt forslag til nytt forliksråd.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt av kommunestyret.

KS - vedtak:

Masfjorden kommune vel desse medlemmene / vara til Masfjorden forliksråd for perioden 25.06.21 – 31.12.24:

- Liv Oda Dale, medlem
- Bernard Krokås, medlem
- Sigmund Rørvik, medlem
- Tove Kristin Sleire Tistel, varamedlem
- Lillian Andvik, varamedlem
- Bjarte Dyrkolbotn, varamedlem

Formann for forliksrådet vert Liv Oda Dale

Rett utskrift frå møteboka frå kommunestyret 24.06.21 vert vitna:

---

Karstein Totland  
ordførar

---

Britt Inger Myhr  
kommunestyremedlem

---

Erlend Kvamsdal  
kommunestyremedlem